

MØTEPROTOKOLL

--

Råd	Møtedato	Tidspunkt
Herdla sokneråd		
Sak frå : 52 / 2019 Sak til: 61 / 2019	Onsdag 5 juni 2019	<u>Møtestad:</u> Herdla kyrkjelydshus.

Frammøtte: 4 av 7 medlemmer. 3 varamedlemmer

Til stades

Medlemmer: Kjell Berland, Einy Daviknes, Astrid Marie Haugland og Reidun Håpoldøy. Varamedlemmer: Gunnvor Eggebø Næss, Bente Breivik og Geir Kvinge.
Meldte forfall: Kjellaug F Eidsaa, Ivar Eidsaa og Solfrid Kongshaug Aase

Andre frammøtte:

Sak / år:

52/2019: Møteprotokoll frå møte 22 mai vart godkjent.

Merknad: Ny dato for «Kurs» for dåpsvertar.. torsdag 5 september kl.18.00 i kyrkja.

På innkallinga til møtet i juni har vi også sak om soknerådsvalet.

53/ 2019: Meldingar:

Det er gudsteneste i Herdla kyrkje 30 juni og ikkje 23 juni. Det står feil i Amen.

54/ 2019: Gudstenesteliste:

26/05: kl.11.00: Hovudgudsteneste v/Astrid Marie Haugland. Nattverd. Offer: Mercy Ships.

Skaparverkets dag. **På fortet !!** Ansvarleg: Team 2.

05/06: kl.17.00: Gudsteneste på Fromeide eldresenter. Nattverd. Kaffi frå kl.16.30

.....
09/06: kl.11.00: Hovudgudsteneste v/ Astrid Marie Haugland. Nattverd. Offer: Eige arbeid.

1 Pinsedag. Ansvarleg: Team 3.

30/06 : kl.11.00: Hovudgudsteneste v/Godtfred Haugland .Dåp/Nattverd. Offer: Misjonshøgskulen.

Ansvarleg: Team 4.

29/07: **kl.19.00:** Hovudgudsteneste v/Marianne G. Nattverd, Offer: Eige arbeid. Ansvarleg: Team1.

55/2019: Evaluering og førebuing av gudstenestene:

Alle som kan, må hjelpa til på gudstenestene no framover, uavhengig av team !

26/05: Fin utegudsteneste på fortet, der konfirmantane deltok.

09/06: 1 Pinsedag. Familiegudsteneste. Det er ikkje dåp den dagen, men nattverd. Gunvor Kristensen syng. Vi har ein god kyrkjekaffi etter gudstenesta.

29/07: Obs: Denne gudstenesta er kl.19.00.

56/2019: Sommarbasaren torsdag 13 juni 2019:

Den er planlagt og dei som kan, hjelper til.. Den byrjer kl.18.00 og diakon Lena Kristiansen held andakt. Geir Kvinge spelar. Vi set opp plakatar og kunngjer i kyrkja 1 pinsedag .Det står og i Amen.

Vi deler inntekta mellom Leif Heggernes sitt arbeid og kyrkjelydshuset.

57/2019: Ope kyrkje sommaren 2019:

Vi har ope kyrkje kvar søndag i juli (4 søndager) frå kl.15.00- kl.18.00 og set opp plakatar om dette. Det kjem og på nettsida : Menighetene i Askøy, og vert kunngjort i kyrkja pinsedag.

58/2019: Datoer for soknerådsmøter hausten 2019:

Onsdagar 14 august, 11 september, 23 oktober, 13 november og 11 desember. Kl.19 i kyrkjelydshuset.

59/2019: Plan for hausten 2019:

Vi gjekk gjennom planen som vi hadde, og reviderer den litt.

60/2019: Soknerådsvalet 9 september:

Vedtak: Vi har godkjent vallista og Kjell Berland er leidar i stemmestyret. Han er nestleiar i soknerådet.

Vi får informasjonsmøte i forkant av valet.

61/2019: Eventuelt:

- Vi må avklare litt meir om rutinane ved leie av kyrkjelydshuset og om offerpengar/konto.
- Fekk til gjennomlesing: Høyringssak: Ordning for konfirmasjonstidas gudstenester.

Neste møte onsdag 14 august..

Håpolden, 9 juni 2019.

Reidun Håpoldøy.

Referent.